Fra: Reidar Thune

Sendt: 12. juli 2017 14:02

Til: 'filefjell@live.no' <filefjell@live.no>

Kopi: Vidar Eltun <Vidar.Eltun@vang.kommune.no>; Halvor Eggen Pettersen <Halvor.Eggen.Pettersen@vang.kommune.no>; Remi Nilsen <Remi.Nilsen@vang.kommune.no>

Emne: SV: Avtale om medfinanisering av vassanlegg

Eg viser til e-post frå 10- juli der de ber om ei nøyare forklaring av punkt 2b i forslag til avtale for medfinansiering for auka vasskapasitet på Tyinkrysset/Filefjell. Vedlagt ligg ei teikning av rammeplanen for VA Tyinkrysset, og ei kort oppsummering av kva dei enkelte etappane avtala om medfinansiering gjeld.

Kort sagt er formålet med etappe 2a-c å styrke den eksisterande vassforsyninga og legge til rette for vidare vekst. Kvar enkelt utbyggar lyt koste eigne overføringsleidningar (frå tilkoplingspunktet gjeve av Vang kommune) i samband med opparbeiding av veg og anna infrastruktur fram til sine område, der det vert nødvendig. Ein etablert praksis og føresetnad for Vang kommune.

For desse leidningane skal det lagast ein eigen utbyggingsavtale kor det blant anna kan avtalast kommunalt eigarskap og mva refusjon jf. lov om kommunale vass- og avløpsanlegg §1. og lov om meirverdiavgift Kapittel 9. Justering og tilbakeføring av inngåande meirverdiavgift.

For at alle skal få lik tilgang til informasjon i saka, blir dette svaret lagt ut på kommunen si heimeside.

Med helsing

Reidar Thune

Rådmann

Tlf 61369412 Mobil 91315147

e.post; reidar.thune@vang.kommune.no

Fra: arnfinn hermundstad [mailto:filefjell@live.no]

Sendt: 10. juli 2017 10:48

Til: Reidar Thune <Reidar.Thune@vang.kommune.no>

Kopi: ronny@htb.no

Emne: Avtale om medfinanisering av vassanlegg

Hei!

Ref tlf samtale om avtale verket.

Har eit spørsmål under punkt 2. b. Der står det følgende:

......etablerer eige overføringsleidning frå tilkoplingspunkt gitt av Vang Kommune fram til .........., og eige fordelingsnett i .......Det skal lage eige utbyggings avtale for desse

ledningane.

Kva meinast med dette? Er det tenkt område utafor Rammeplan 2a-2b-2c, som eventuelt i framtida skal kobble seg på?

Mvh

Anders

Sendt fra Outlook